




Det kongelige kunnskapsdept.  
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO



## Høyring om endringar i barnehageloven

Det er gjort følgjande vedtak i sak 092/07:

### Framlegg til vedtak:

*Time kommunestyre vedtek høyringsuttale på endringar i barnehagelova slik det går fram av pkt III i saka. Sjå vedlegg.*

### *Time kommunestyre*

Tilleggsforslag frå **Ingebjørg K. Undheim, V**: Høyringsforslaget pkt. d.  
All innhenting av data må skje i tråd med personopplysningsloven.

Forslag frå **Lars S. Snekkevik, Frp**:

Det viktige prinsippet om likebehandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar vert innarbeida i høyringsuttalen.

**Petter L. Stabel, Frp** ba om gruppemøte som vart halde.

Tilleggsforslag frå Ingebjørg K. Undheim vart samrøystes vedtatt.

Forslag frå Lars S. Snekkevik vart vedtatt med 16 mot 11 røyster. (6 Ap 2 Sv og 3 Sp)

Framlegget vart samrøystes vedtatt.


### **KS-092/07 Vedtak:**

*Time kommunestyre vedtek høyringsuttale på endringar i barnehagelova slik det går fram av pkt III i saka med tillegg:*

*All innhenting av data må skje i tråd med personopplysningsloven.*

*Det viktige prinsippet om likebehandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar vert innarbeida i høyringsuttalen.*

Med helsing

  
Tone Storesætre  
sekretær

### III. HØYRINGSUTTALE

#### **A: Rett til barnehageplass**

- Time kommune støttar innføring av rett til barnehageplass for barn som har fylt 1 år innan oppstart i august.
- Retten til barnehageplass bør gjelda innan kommunegrensene.  
I Time kommune er det barnehagetilbod i alle dei mest tettbygde områda i kommunen. Kommunen vil såleis kunne gje tilbod om barnehageplass til familiar i rimeleg avstand til heimen. Det er ikkje ønskjeleg å knytte retten til å gjelde innan skulekrinsane, då dette kan hindre fleksible løysingar innan kommunen. Avstandane er ikkje så store at det er til stort hinder for familiare til å ta imot tilbod i annan barnehage enn mest ønskjeleg. Per i dag kan familiare i slike tilfelle søkje overflytting til andre barnehagar ved det ordinære opptaket.
- Time kommune ser det som viktig at det er opning for eit interkommunalt samarbeid om nødvendig.
- Time går inn for 1 opptak pr år.  
Dagens ordning med eit hovudopptak og løpande opptak fungerer bra. Problemstillingane ved eit opptak nr 2 er at det ikkje er naturleg frigjorte plassar. Ein ser i dag at barn med rett til barnehageplass etter §13 (lov om barnehagar) og prioriteringar internt i kommunen, tar ledig kapasitet utanom hovudopptaket. For å ha ledig kapasitet må vi vurdere arealutnytting og personalkapasitet. Per i dag er areal og personal utnytta slik at vi ikkje har noko å gå på.
- Time meiner at kommunen sin rett til å styra barnehageopptaket ved samordna opptak må styrkast i lova, jf §12.  
Time kommune ser det nødvendig å gjera det mogleg for kommunen å styre opptakskrins og prioriteringar/fordeling av barn for å kunne følge opp retten til barnehageplass. I dag er det fleire barn frå andre kommunar i dei private barnehagane, på grunn av retten til personalplassar og søskenprioritet gir rett til å gå føre nye søkarar frå kommunen
- Time trur at ny ordning vil medføra eit større administrativt arbeid med oppfølging av barnehagane, m a fordi kommunen med desse endringane vil få eit meir heilskapleg ansvar og oversikt for heile barnehagesektoren.

#### **B: Rammefinansiering**

- Time meiner at når rammefinansiering vert innført, må den økonomiske ramma som skal fordelast vera så stor at den omfattar full barnehagedekning i alle kommunar.
- Ved overgang til rammefinansiering er det ønskjeleg med ei overgangsordning.

#### **C: Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar**

##### **a. Finansieringsplikt for nye barnehagar**

- Time går inn for fritt kommunalt skjønn ved vurdering av nye barnehagar.  
Når den frie etableringsretten blir vidareført, bør kommunen ha full styring med det totale omfang av barnehageplassar i kommunen. Det er då mogleg å stille krav til demografiske forhold, bygg, areal, innhald, deltaking i pedagogisk utviklingsarbeid ved søknad om finansiering.

##### **b. Finansieringa av drifta av godkjende ikkje-kommunale barnehagar.**

- Time meiner at kommunane må stillast fritt i finansieringa av private barnehagar ved at det vert utarbeidd lokale forskrifter om dette.  
Sidan kommunane får hovudansvar for full barnehagedekning og å følge opp den lovfesta retten til barnehageplass, meiner vi at det vil vera i kommunane si interesse å sikre dei ikkje-kommunale barnehagane tilskot og økonomiske rammevilkår som gjer at tilbodet i kommunen vert oppretthalde.

Departementet foreslår fire ulike forslag til lovtekst om finansiering av private barnehagar, jf vedlegg. Time går inn for alternativ 1.

***D: Innhenting av data i barnehagesektoren***

- Time har ikkje store innvendingar mot at data om dei enkelte barna i barnehagane vert samla inn til bruk i statistikk, forskning og analyse. Vi ser at dette vil kunne vere nyttig for å kunne følge heile utdanningsløpet frå barnehage og oppover. Vi presiserer behovet for å gjere dette på ein trygg og sikker måte for det enkelte individet. All innhenting av data må skje i tråd med personopplysningsloven.



## HØYRING OM ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA

### Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Time kommunestyre	092/07	11.12.2007

### Framlegg til vedtak:

*Time kommunestyre vedtek høyringsuttale på endringar i barnehagelova slik det går fram av pkt III i saka.*

### *Time kommunestyre*

Tilleggsforslag frå Ingebjørg K. Undheim, V: Høyringsforslaget pkt. d.  
All innhenting av data må skje i tråd med personopplysningsloven.

#### Forslag frå Lars S. Snekkevik, Frp:

Det viktige prinsippet om likebehandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar vert innarbeida i høyringsuttalen.

**Petter L. Stabel, Frp** ba om gruppemøte som vart halde.

Tilleggsforslag frå Ingebjørg K. Undheim vart samrøystes vedtatt.  
Forslag frå Lars S. Snekkevik vart vedtatt med 16 mot 11 røyster. (6 Ap 2 Sv og 3 Sp)  
Framlegget vart samrøystes vedtatt.

### **KS-092/07 Vedtak:**

*Time kommunestyre vedtek høyringsuttale på endringar i barnehagelova slik det går fram av pkt III i saka med tillegg:*

*All innhenting av data må skje i tråd med personopplysningsloven.*

*Det viktige prinsippet om likebehandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar vert innarbeida i høyringsuttalen.*

# HØYRING OM ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA

## I. BAKGRUNN FOR ENDRINGSFORSLAGA

Regjeringa har som mål å innføre rett til barnehageplass og innlemme det øymerka statstilskotet til barnehagar i rammetilskotet til kommunane når det er full barnehagedekning. Regjeringa meiner at tida er inne for å førebu innfriinga av lovnaden om rett til barnehageplass. Følgjande hovudområde er omtalt i høyringa:

A: Departementet føreslår å innføre rett til barnehageplass for alle barn som har fylt eit år ved oppstart, med eit opptak i året, noko som medfører eit kommunalt finansieringsansvar.

B: Kommunen får økonomisk ansvar for barnehagesektoren gjennom rammefinansiering, gjennom eit system basert på objektive kriterium.

C: Kommunen skal ha finansieringsplikt overfor dei eksisterande ikkje-kommunale barnehagane, gjennom enten lokalt utforma forskrifter for finansiering eller ei statleg regulering av finansieringsplikta. Nyetablerte barnehagar skal ikkje automatisk ha rett på finansiering og departementet føreslår to alternative ordningar for finansieringsavgrensing.

D: Departementet føreslår ein lov- og forskriftsheimel i barnehagelova for innhenting av nødvendige data i barnehagesektoren for å gjennomføre langsiktige studium og for å følgje forskjellige grupper gjennom utdanningsløpet.

## II. SAKSOPPLYSNINGAR

Forslag til lovtekst er vist i vedlegg.

### A: RETT TIL BARNEHAGEPLASS

Den gjeldande barnehagelova sikrar ingen individuell rett til barnehageplass for det enkelte barn/foreldre, men kommunen har plikt til å syte for at det er nok barnehageplassar (§ 8). Gjennom samordna opptaksprosess, innsynsrett i ikkje-kommunal barnehagar og lokale behovsundersøkingar er det opp til kommunane sjølv å finne fram til det lokale behovet for plassar.

For å følgje opp Regjeringserklæringa om rett til barnehageplass, føreslår nå Departementet ein *rett* til barnehageplass for barn som har fylt eit år ved start i barnehage, og ei *plikt* for kommunane til å tilby dette.

Foreldra skal kunne søkje om deltids- eller heiltidsplass og om tilbod i ein bestemt barnehage. Kommunane bør difor ha tilstrekkeleg tilbod av deltids- og heiltidsplassar, barnehagar med variert pedagogisk profil og med ulike tilbod tilpassa familiane sine ønskjer og behov.

Retten til barnehageplass blir føreslått avgrensa til å gjelde innan kommunegrensene. Departementet ber om tilbakemelding på om forslaget representerer ei rimeleg avveging mellom familien sine rettar til eit godt barnehagetilbod og kommunane sitt behov for fleksible samarbeidsløysingar.

Departementet ønskjer og tilbakemelding på Regjeringa sitt ønskje om å innføre eit krav om minimum to opptak i året. I følgje departementet vil dette krevje betydeleg auka kapasitet for å kunne gjennomføre allereie i 2009, og føreslår difor å gjennomføre dette i fleire trinn. Kommunane blir bedt om å gje ei vurdering på kva kostnadene vil bli ved å innføre to opptak i året, og å melde tilbake korleis opptaket skjer nå i den enkelte kommune. I same høve vert kommunane bedt om å vurdere eit eventuelt behov for å strame inn det samordna opptaket. Departementet meiner at det framleis bør vere opp til kommunen å finne gode løysingar på korleis dette samarbeidet skal vere.

## **B: RAMMEFINANSIERING**

Barnehageplassane blir i dag finansiert gjennom foreldrebetaling, kommunalt tilskot og statlege øymerka tilskot. Det har vore eit politisk mål å innlemme det øymerka statstilskotet til barnehagar i inntektssystemet til kommunane, men det har blitt utsett til full barnehagedekning er nådd. Arbeidet med innlemming av dei øymerka tilskota må sjåast i samanheng med nytt inntektssystem som planleggast innført frå 2009. Departementet vurderer ei overgangsordning slik at ikkje kommunane får ei brå endring i sine inntekter.

Tilskotet skal bli fordelt etter kriterium som fangar opp etterspurnad og kostnadsforhold framfor etter aktivitet, som tal på barn og opphaldstid i dag. Kommunal- og regionaldepartementet skal i samarbeid med Kunnskapsdepartementet utarbeide ein kostnadsnøkkel for barnehagar som skal fange opp faktorar som er best eigna til å forklare variasjonar i utgiftsbehovet og etterspurnadsforhold mellom kommunane.

Overgang til rammetilskot er ei stor omlegging for barnehagesektoren. Staten vil etter dette ikkje ha direkte innverknad på ressursbruken i den enkelte kommune, og må styre sektoren gjennom lov i staden for øymerka middel. Departementet viser til at det er oppretta ei arbeidsgruppe som skal foreta gjennomgang av dei sektorvise heimlane for statleg tilsyn med kommunesektoren.

## **C: FINANSIERING AV IKKJE-KOMMUNALE BARNEHAGAR**

Innlemminga av øymerka tilskot til rammefinansiering får konsekvensar for korleis regelverket for kommunen si finansiering av dei ikkje-kommunale barnehagane skal vera. Regjeringserklæringa inneheld mål som at det må sikrast ei tilstrekkeleg og forutsigbar finansiering av dei ikkje-kommunale barnehagane. Samstundes må det ein ta høgde for ulike mål og omsyn som kvalitet i barnehagane i forhold til både innhald og bygg, tilpassing i tråd med lokale behov og prioriteringar, mangfald i sektoren, økt kommunalt sjølvstyre og at staten sine system er enkle å forstå og forvalte for både barnehagane, kommunen og staten.

Gjeldande barnehagelov (§14) seier at alle godkjende barnehagar skal behandlast likeverdig i forhold til offentlege tilskot. Kommunen skal dekke kostnader til drift av barnehagar som ikkje blir dekkja av andre offentlege tilskot og foreldrebetaling, men ikkje under 85 % av det som tilsvarande kommunal barnehage mottar av tilskot (jfr. forskrift om likeverdig behandling av barnehagar).

Ved innføring av rammefinansiering, føreslår departementet å oppheve forskrifta om likeverdig behandling. I staden vil departementet pålegga kommunane ei plikt om å finansiere eksisterande godkjende ikkje-kommunale barnehagar. Med eksisterande godkjende ikkje-kommunale barnehagar meiner departementet dei som har søkt, og fått, godkjenning seinast i løpet av 2009, (jfr barnehagelova §10 og 11). Det same vil gjelde barnehagar som tilbyr faste plassar i mellombels lokale i løpet av 2009. Desse barnehagane vil framleis ha lovfesta rett til

kommunalt tilskot, mens ikkje-kommunale barnehagar som ønskjer å etablere seg etter dette, ikkje vil ha ein lovfesta rett til tilskot.

Når kommunane får ansvaret for barnehagesektoren bør dei ha eit verktøy for å tilpasse sektoren i tråd med brukarane sine ønskjer og behov, slik at kommunen ikkje skal oppleve å finansiere barnehagar i større utstrekning enn nødvendig. Departementet foreslår at kommunane skal ha ein skjønsmessig tilgang til å vurdere om ikkje-kommunale barnehagar som søker om tilskot etter 2009, skal kunne få kommunal finansiering, og foreslår to alternativ:

## a. To alternativ for finansieringsplikt for nye barnehagar

### **Fritt kommunalt skjønn**

Ved fritt kommunalt skjønn blir kommunen gitt stor fridom til sjølv å bestemme kva barnehagar som skal gjevast kommunalt tilskot. Innan rammene av dei alminnelege forvaltningsreglane og med atterhald at barnehagen er godkjend, skal kommunen fritt kunne vurdere om dei vil gi finansiering.

Ved ei slik ordning kan kommunen tilpasse tilbodet i høve til blant anna fødselstal og behov for plassar til store og små barn ut frå demografiske forhold. Kommunen må vere bevisst si rolle som eigar og myndigheit og ikkje la eigarrolla påverke vurderingane og hindre oppstart av barnehage tilbud i tråd med brukarane sine ønskjer og behov.

### **Avgrensa kommunalt skjønn**

Det andre alternativet er eit avgrensa kommunalt skjønn. Departementet kan legge føringar for kva som kan danne grunnlag for avslag på ein søknad. Relevante moment kan vere om finansieringa av ein ny barnehage fører til urimeleg kostnadskrevjande barnehagestruktur eller ved at mangfaldet reduserast ved at enkelte tilbod ikkje lenger kan drivast i nødvendig utstrekning. Det må vere overkapasitet i kommunen før denne kan vurdere å avslå ein søknad om finansiering. Kommunen bør likevel prøve å leggja til rette for at nyetablerte barnehagar som er ønska av brukarane og gjerne etablerer seg i område av kommunen som manglar barnehage, kan bli gitt finansiering.

Ei regulering med avgrensa kommunalt skjønn vil kunne bidra til å hindre at kommunen si dobbeltrolle kan påverke utfallet av søknaden.

Fylkesmannen vil vere klageinstans for vedtak om finansiering, og sikre rettstryggleiken til private utbyggjarar. Private utbyggjarar kan klage på kommunen sitt vedtak om dei meiner vedtaket er fatta på feil grunnlag.

## b. To alternativ for kommunal finansiering av drifta

Departementet vurderer to alternativ for kommunal finansiering for dei barnehagane som kommunen har fatta vedtak om å finansiere.

### **Lokale forskrifter**

I det eine alternativet får kommunane ved lov plikt til å utarbeide lokale forskrifter som inneheld reglar for utmåling av tilskot, prosedyrar for søknad, klage tilgang, revisjon, rutinar og reglar for å unngå overkompensasjon og eventuell tilbakebetaling av for mykje utbetalt tilskot. Reglane i dei lokale forskriftene vil sikre at det innan same kommune vil føre til lik

behandling av dei ikkje-kommunale barnehagane. Innhaldet i forskriftene må følgje opp overordna nasjonale mål for barnehagesektoren.

Departementet meiner at dei ikkje-kommunale barnehagane gjennom forvaltningslova § 37, vil få store muligheiter til stor innverknad på korleis forskriftene blir utforma, og at eit nært samarbeid mellom partane er avgjerande for å få eit godt, mangfaldig og tilpassa barnehagetilbod.

Sidan kommunane får hovudansvar for full barnehagedekning og å følgje opp den lovfesta retten til barnehageplass, meiner Departementet at det er i kommunane si interesse å sikre dei ikkje-kommunale barnehagane tilskot og økonomiske rammevilkår som gjer at tilbodet i kommunen vert oppretthaldt.

### **Statleg regulering**

Eit anna alternativ er ei statleg regulering av finansieringsplikta. Departementet foreslår å fastsette i lov at eksisterande ikkje-kommunale barnehagar og dei barnehagane kommunen fattar vedtak om å gje kommunalt tilskot, får krav på ein gitt prosentsats av det tilsvarende kommunale barnehagar får i gjennomsnitt i kommunal finansiering. Departementet vurderer å utarbeide retningslinjer for kva som skal reknast inn som kommunen sine kostnader til barnehagedrift. Argumentet for å sjå på den kommunale kostnadssituasjonen er at det bør vere ein samanheng innan kommunen mellom kostnadssituasjonen i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. Departementet varslar at dei vil sette i gang eit arbeid for å kartlegge forskjellane i kostnadene mellom kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

Ordninga kan gjere det enklare å administrere for kommunane ved at det ikkje er behov for å ta omsyn til kostnadene i den enkelte ikkje-kommunale barnehage. Ved denne løysinga meiner departementet at kommunane kan bli stimulert til å effektivisere drifta av eigne barnehagar ved at ei reduksjon i kommunale kostnader vil redusere behovet for tilskot i dei ikkje-kommunale barnehagane.

Ut frå analysar av kostnadene i barnehagesektoren vil ein prosentsats for tilskot til ikkje-kommunale barnehagar liggje på 88 pst av det kommunane sine eigne barnehagar får i kommunalt tilskot. Hovudprinsippet i dagens forskrift er at ikkje-kommunale barnehagar har rett på kostnadsdekning, men ikkje mindre enn 85 pst av det kommunen sine eigne barnehagar gjennomsnittleg mottar i tilskot.

Det vil med dette alternativet skje ei omfordeling av midler frå barnehagar med høge kostnader til barnehagar med låge kostnader. Ein fastsett prosentsats kan føre til at ein del barnehagar må redusere sine kostnader, og risikere å ikkje få dekkja sine kostnader på dagens nivå.

## **D: INNHEMING AV DATA I BARNEHAGESEKTOREN**

Det er i dag mangelfull kunnskap om forhold i utdanningssystemet si rolle som verktøy for sosial utjamning. Det er eit stort behov for statistikk, forskning og analyse av utviklingstrendar og langsiktige effektar. For å kunne følgje ulike grupper gjennom utdanningsløpet er det nødvendig å samle inn og systematisere informasjon på individnivå.

For å kunne kopla dei innsamla data med andre data i SSBs registra, er det behov for å kunne identifisere kva personar opplysningane gjelder gjennom bruk av fødselsnummer. Av omsyn



til personvernet foreslår departementet at personnummera erstattast med automatisk genererte ID-nummer når opplysningane er samla inn gjennom bruk av nøkkel.

Departementet legg opp til at innhenting av data i hovudsak skal skje gjennom allereie etablerte innrapporteringssystem, som ved samordna opptak og kontantstøtteregisteret, og meiner at det i barnehagelova må slåast fast at foreldre og føresette må påleggjast å opplyse om barnet sitt fødselsnummer, og at den enkelte kommune vidare skal rapportere inn individdata til ein sentral database.

Departementet meiner vidare det er viktig at det blir informert til foreldre og føresette om at opplysningane skal inn til ein database i pseudonymisert form og skal nyttast til statistikk, forskning og analyse

### III. HØYRINGSUTTALE

#### *A: Rett til barnehageplass*

- Time kommune støttar innføring av rett til barnehageplass for barn som har fylt 1 år innan oppstart i august.
- Retten til barnehageplass bør gjelda innan kommunegrensene.  
I Time kommune er det barnehagetilbod i alle dei mest tettbygde områda i kommunen. Kommunen vil såleis kunne gje tilbod om barnehageplass til familiar i rimeleg avstand til heimen. Det er ikkje ønskjeleg å knytte retten til å gjelde innan skulekrinsane, då dette kan hindre fleksible løysingar innan kommunen. Avstandane er ikkje så store at det er til stort hinder for familiane til å ta imot tilbod i annan barnehage enn mest ønskjeleg. Per i dag kan familiane i slike tilfelle søkje overflytting til andre barnehagar ved det ordinære opptaket.
- Time kommune ser det som viktig at det er opning for eit interkommunalt samarbeid om nødvendig.
- Time går inn for 1 opptak pr år.  
Dagens ordning med eit hovudopptak og løpande opptak fungerer bra. Problemstillingane ved eit opptak nr 2 er at det ikkje er naturleg frigjorte plassar. Ein ser i dag at barn med rett til barnehageplass etter §13 (lov om barnehagar) og prioriteringar internt i kommunen, tar ledig kapasitet utanom hovudopptaket. For å ha ledig kapasitet må vi vurdere arealutnytting og personalkapasitet. Per i dag er areal og personal utnytta slik at vi ikkje har noko å gå på.
- Time meiner at kommunen sin rett til å styra barnehageopptaket ved samordna opptak må styrkast i lova, jf §12.  
Time kommune ser det nødvendig å gjera det mogleg for kommunen å styre opptakskrins og prioriteringar/fordeling av barn for å kunne følgje opp retten til barnehageplass. I dag er det fleire barn frå andre kommunar i dei private barnehagane, på grunn av retten til personalplassar og søskenprioritet gir rett til å gå føre nye søkarar frå kommunen
- Time trur at ny ordning vil medføra eit større administrativt arbeid med oppfølging av barnehagane, m a fordi kommunen med desse endringane vil få eit meir heilskapleg ansvar og oversikt for heile barnehagesektoren.

#### *B: Rammefinansiering*

- Time meiner at når rammefinansiering vert innført, må den økonomiske ramma som skal fordelast vera så stor at den omfattar full barnehagedekning i alle kommunar.
- Ved overgang til rammefinansiering er det ønskjeleg med ei overgangsordning.

### **C: Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar**

#### **a. Finansieringsplikt for nye barnehagar**

- Time går inn for fritt kommunalt skjønn ved vurdering av nye barnehagar. Når den frie etableringsretten blir vidareført, bør kommunen ha full styring med det totale omfang av barnehageplassar i kommunen. Det er då mogleg å stille krav til demografiske forhold, bygg, areal, innhald, deltaking i pedagogisk utviklingsarbeid ved søknad om finansiering.

#### **b. Finansieringa av drifta av godkjende ikkje-kommunale barnehagar.**

- Time meiner at kommunane må stillast fritt i finansieringa av private barnehagar ved at det vert utarbeidd lokale forskrifter om dette. Sidan kommunane får hovudansvar for full barnehagedekning og å følgje opp den lovfesta retten til barnehageplass, meiner vi at det vil vera i kommunane si interesse å sikre dei ikkje-kommunale barnehagane tilskot og økonomiske rammevilkår som gjer at tilbodet i kommunen vert oppretthalde.

Departementet foreslår fire ulike forslag til lovtekst om finansiering av private barnehagar, jf vedlegg. Time går inn for alternativ 1.

#### **D: Innhenting av data i barnehagesektoren**

- Time har ikkje store innvendingar mot at data om dei enkelte barna i barnehagane vert samla inn til bruk i statistikk, forskning og analyse. Vi ser at dette vil kunne vere nyttig for å kunne følgje heile utdanningsløpet frå barnehage og oppover. Vi presiserer behovet for å gjere dette på ein trygg og sikker måte for det enkelte individet.

Rådmannen i Time, den 27.11.2007

  
Brit Nilsson Edland

  
Ørjan Daltveit  
Kommunalsjef

## Vedlegg: Forslag til lovtekst

Følgende endringer foreslås i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager (barnehageloven)

### Ny § 5a. Innhenting av fødselsnummer

*Foreldre og foresatte plikter å oppgi barnets fødselsnummer til kommunen til bruk for utarbeiding av statistikk, forskning og analyse, jf. § 8 fjerde ledd.*

### § 7. Barnehageeierens ansvar

Barnehageeieren skal drive virksomheten i samsvar med gjeldende lover og regelverk.

Barnehageeieren må legge fram opplysninger om regnskapsdata, tjenestedata og en *liste som gjør det mulig for kommunen å identifisere hvilke barn som går i vedkommende barnehage, jf. § 8 fjerde ledd og § 5a*, etter forskrifter fastsatt av departementet.

Barnehageeieren plikter å gi barnets bostedskommune de opplysninger som er nødvendige for å kunne føre et register som nevnt i § 8 fjerde ledd.

Barnehageeieren skal fastsette barnehagens vedtekter. Vedtektene skal gi opplysninger som er av betydning for foreldrenes/de foresattes forhold til barnehagen, herunder

- a) eierforhold,
- b) formål, jf. § 1 fjerde ledd, herunder eventuell reservasjon fra § 1 annet ledd, jf. tredje ledd,
- c) opptakskriterier,
- d) antall medlemmer i samarbeidsutvalget,
- e) barnehagens åpningstid.

Godkjente virksomheter skal være registrert i Enhetsregisteret.

### § 8. Kommunens ansvar

Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk.

Kommunen har plikt til å sørge for at det finnes et tilstrekkelig antall barnehageplasser for barn under opplæringspliktig alder. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpasses lokale forhold og behov. *Kommunen skal oppfylle retten til barnehageplass etter § 12a i denne lov for alle som er bosatt i kommunen.*

Kommunen har ansvaret for at barnehagetilbudet til samiske barn i samiske distrikt bygger på samisk språk og kultur. I øvrige kommuner skal forholdene legges til rette for at samiske barn kan sikre og utvikle sitt språk og sin kultur.

*Hver kommune skal opprette og føre register over fødselsnummeret til barn som går i barnehage. Registeret skal benyttes til en nasjonal database for utarbeiding av statistikk, forskning og analyse for å undersøke langsiktige effekter av deltakelse i barnehage i forhold til senere utdanning samt andre forhold som har betydning for sosial utjevning.*

*Behandlingsansvarlig for basen skal være Kunnskapsdepartementet eller det organ departementet delegerer til. Nærmere bestemmelser om rapporteringsplikt, oppbevaring, bruk, utlevering og lagring av slike data fastsettes i forskrift.*

Hver kommune skal opprette og føre register til bruk for Arbeids- og velferdsetaten i forbindelse med kontroll av beregning og utbetaling av kontantstøtte etter kontantstøtteloven. Registeret kan samkjøres mot Arbeids- og velferdsetatens register over mottakere av kontantstøtte. Departementet gir forskrifter med utfyllende bestemmelser om føringen av registeret, hvilke opplysninger registeret skal inneholde og behandlingen av disse opplysningene.

Kommunen har rett til innsyn i dokumenter og adgang til barnehagelokaler i den utstrekning dette anses nødvendig for å ivareta kommunens oppgaver.

Kommunen forvalter *de statlige øremerkede* tilskuddene til ikke-kommunale barnehager i kommunen. *Kommunen kan ikke avkorte det kommunale tilskuddet etter § 14 som følge av et slikt statlig tilskudd.* (Forslag til endring ved valg av alternativ 1 til ny § 14).

### **Ny § 12a. Rett til barnehageplass**

*Barn som fyller ett år senest ved oppstart til barnehage, jf. § 12, har etter søknad rett til å motta et barnehage tilbud i samsvar med denne lov og tilhørende forskrifter.*

*Barnet har rett til et barnehage tilbud i den kommunen der det er bosatt.*

*Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.*

### **Ny § 14. Kommunalt tilskudd til godkjente ikke-kommunale barnehager**

#### **Alternativ 1:**

*Kommunen skal yte tilskudd til ordinær drift av alle ikke-kommunale barnehager i kommunen som har søkt om godkjenning senest i løpet av 2009, og som følge av dette er godkjent, jf. §§ 10 og 11.*

*Barnehager som søker om godkjenning etter 2009, kan kommunen finansiere.*

*Kommunen skal fastsette regler for kommunalt tilskudd til godkjente ikke-kommunale barnehager i kommunen, jf. første og andre ledd. De fastsatte reglene for kommunalt tilskudd skal inneholde bestemmelser om utmåling, søknadsprosedyrer, klageadgang, revisjon og de rutiner og regler som er truffet for å unngå overkompensasjon og sikre tilbakebetaling av eventuell overkompensasjon.*

*Reglene for kommunalt tilskudd skal sikre overholdelse av de til enhver tid fastsatte regler om foreldrebetaling og sikre et kvalitativt godt barnehage tilbud i kommunen i tråd med gjeldende lover og regelverk.*

*Kommunens vedtak etter andre ledd kan påklages til fylkesmannen.*

#### **Alternativ 2:**

*Kommunen skal yte tilskudd til ordinær drift av alle ikke-kommunale barnehager i kommunen som har søkt om godkjenning senest i løpet av 2009, og som følge av dette er godkjent, jf. §§ 10 og 11.*

*Barnehager som søker om godkjenning etter 2009, og som følge av dette er godkjent, jf. §§ 10 og 11, har rett på kommunalt tilskudd dersom finansiering av barnehagen ikke medfører vesentlige negative følger for tilsvarende virksomhet i kommunen.*

*Kommunen skal fastsette regler for kommunalt tilskudd til godkjente ikke-kommunale barnehager i kommunen, jf. første og andre ledd. De fastsatte reglene for kommunalt tilskudd skal inneholde bestemmelser om utmåling, søknadsprosedyrer, klageadgang, revisjon og de rutiner og regler som er truffet for å unngå overkompensasjon og sikre tilbakebetaling av eventuell overkompensasjon.*

*Reglene for kommunalt tilskudd skal sikre overholdelse av de til enhver tid fastsatte regler om foreldrebetaling og sikre et kvalitativt godt barnehage tilbud i kommunen i tråd med gjeldende lover og regelverk.*

*Kommunens vedtak etter andre ledd kan påklages til fylkesmannen.*

*Følgende endring foreslås i § 8 sjettede ledd (nytt syvende ledd):*

*Kommunen forvalter de statlige øremerkede tilskuddene til ikke-kommunale barnehager i kommunen. Kommunen kan ikke avkorte det kommunale tilskuddet etter § 14 som følge av et slikt statlig tilskudd.*

#### **Alternativ 3:**

*Kommunen skal yte tilskudd til ordinær drift av alle ikke-kommunale barnehager i kommunen som har søkt om godkjenning senest i løpet av 2009, og som følge av dette er godkjent, jf. §§ 10 og 11.*

*Barnehager som søker om godkjenning etter 2009, kan kommunen finansiere.*

*Kommunen har plikt til å gi tilskudd slik at godkjente ikke-kommunale barnehager, jf. første og andre ledd, får kommunalt tilskudd med minst X prosent av det tilsvarende barnehager eid av kommunen i gjennomsnitt mottar i kommunalt tilskudd.*

*Kommunens vedtak etter andre ledd kan påklages til fylkesmannen.*

**Alternativ 4:**

*Kommunen skal yte tilskudd til ordinær drift av alle ikke-kommunale barnehager i kommunen som har søkt om godkjenning senest i løpet av 2009, og som følge av dette er godkjent, jf. §§ 10 og 11.*

*Barnehager som søker om godkjenning etter 2009, og som følge av dette er godkjent, jf. §§ 10 og 11, har rett på kommunalt tilskudd dersom finansiering av barnehagen ikke medfører vesentlige negative følger for tilsvarende virksomhet i kommunen.*

*Kommunen har plikt til å gi tilskudd slik at godkjente ikke-kommunale barnehager, jf. første og andre ledd, får kommunalt tilskudd med minst X prosent av det tilsvarende barnehager eid av kommunen i gjennomsnitt mottar i kommunalt tilskudd.*

*Kommunens vedtak etter andre ledd kan påklages til fylkesmannen.*